



Idrettslaget har det største medlemstalet av dei registrerte Uskedalslaga. Her er kvartetten Eli Eiane Klyve, Åse Myklebust, Haldis Åkra og Anita Simensen i gang med dugnadsarbeid for laget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kartleggjingsprosjektet av frivillige lag og organisasjonar i Kvinnherad har no kome eit langt steg vidare. Fagkoordinator Sissel Aarseth ved kulturkontoret har sendt over til Uni Rokkansenteret ei oppdatert liste etter å ha registrert 561 eksisterande lag. 29 av dei er heimehøyrande i Uskedalen.

Det er også registrert 141 nedlagte lag. Aarseth strekar under at jobben slett ikkje er fullført, det kjem sikkert til fleire lag etterkvart. I Uskedalen er til dømes Aktivitetshusets Damevenner ikkje registrert, heller ikkje Humlepungen Bryggjarlag.

Nokre er derimot oppført dobbelt på lista.

Det vart gjennomført ei registrering også for 10 år sidan og det er viktig å få kunnskap om kva som har skjedd med lagsfloraen sidan sist.

Den frivillige delen i Kvinnherad er svært stor og lag og organisasjonar tar i stor grad ansvar for aktivitetar som er ansvaret til det offentlege i andre kommunar.

Dette er Uskedalslaga som førebels er med på lista (medlemstal i parentes):

- * Kafe Tiaren (20)
- * Hobbyklubben (40)
- * Haugland og Musland Kvinneforening
- * Grendahuset Vonheim
- * Geilo Grannelag
- * Fredagsforum Barnelag (25)
- * Festidalen
- * Klubben ved Eidsvik Skipsbyggeri (34)
- * Korsneset Velforening (50)
- * Røysterett for alle (35)
- * Skårhaug Vel (30)
- * Småbarnstreff i Uskedalen bedehus (26)
- * Uskedal Bondelag (20, pr. dato ikkje aktivt)
- * Uskedal Båtlag (110)
- * Uskedal friluftslag
- * Uskedal Idrettslag (260)
- * Uskedal Musikklag
- * Uskedal Skulemusikk (22)
- * Uskedal Søndagsskule (21)
- * Uskedal ungdomsklubb Zacko
- * Uskedal Ungdomslag (36)
- * Uskedalen Helselag (115)
- * Uskedalen Indremisjon (20)
- * Uskedalen Kvinnelag (12)
- * Uskedalen Sjømannsmisjonsforening
- * Uskedalen Unge Røyster/Fredagsforum (15)
- * Uskedalen Utvikling (24)
- * Uskedalen Vassverk
- * Velferdsklubb ved Eidsvik Skipsbyggeri (64 – alletilsette)

Av Ola Matti Mathisen



Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt, her i det nye kjøkenet, er leiarar for indremisjonen. (Foto: Ola Matti Mathisen)